

Statsforvaltaren i Vestland



v/Alver kommune
Avd. Kart og oppmåling

Alver kommune Ref: 21/2330-21/21457

Lindås, den 13.april 2021

Klage på avslag om grenseretting mellom gard nr. 108 bruk 3 og bruk 50.

Underskrivne Einar Lygre (Gnr. 108 br.3) og Jørgen Øvstegård og Inger Johanne Øvstegård (G.nr. 103 br.50) ber med dette om retting av grensene mellom vår eigedomar kring tunet til Jørgen Øvstegård og Inger Johanne Øvstegård slik som vist på vedlagte kart.

Kommunen skriv i avslaget sitt: *»Det er ingen sikre haldepunkt i matrikkelkartet halde opp mot grenseskildringa i skylddelinga for eigedomen. Kommunen finn det derfor vanskeleg å rette grensene».* Vi meiner det difor er heilt urimeleg å leggja grenseskildringa til grunn for eit matrikkelkart teikna mange år etter skylddelinga utan samstundes å sjå på dei naturlege tilhøve på staden. Matrikkelkartet viser grenselinjer som går gjennom hus og hagar og gjennom hus som stod på staden då skylddelinga vart gjort. Vi vil forklara dette i det følgjande.

Forklaring til kartet.

Dei blå linjene viser matrikkelkartet sine grenselinjer mellom eigedomane. Bokstavane viser knekkpunkt.

Dei raude linjene viser korleis vi meiner at den korrekte grenselinja skulle vore teikna inn og som vi ønskjer matrikkelen skal rettast til.

A:B er teikna som ei rett linje frå eit punkt midt mellom dei to våningshusa, gjennom ein bit av tunet til br. 50 og vidare opp til ein bergrabb på austsida av gardsvegen til br. 3. Denne linja krysser 3 murar pluss ein bergkant forutan gardsvegen 2 gonger. Desse tre murane er ført opp dels på 18-hundre talet eller for meir enn hundre år sidan. Foto viser desse murane.

a:b er ein mur som løfter gardsplassen til br. 3 litt over tunet til br. 50. Inntil denne muren stod Dordistova. Stova er nemnd i Bygdebok for Lindås i eit skifte frå 1866. Dordistova vart riven midt på 1950-talet

B:C Her krysser grensa gardsvegen for andre gong, deretter går matrikkelgrensa nedover rabbar, kryssar flaten rundt garasjen til br.50, går gjennom eit hjørnet av garasjen og opp til nok eit kryss i berg.

b:c Den nye grensa følgjer muren til gardsvegen og vil deretter følgje muren til sidevegen (ikkje innteikna på matrikkelkartet, men like gamal som dei andre murane) som går frå gardsvegen og ned på vestsida av løa til br. 3. Ho vil gå rundt **(d)** garasjen slik at det blir ein plass på to meter frå garasjen

Kommentar til skylddelingsdokumentet frå 13.nov 1950.

Som kommentert i avslaget frå Alver kommune : «Det er ingen sikre haldepunkt i matrikkelkartet halde opp mot grenseskilddringa i skylddelinga for eigedomen. Kommunen finn det difor vanskeleg å retta grensene»

Kartet er nok teikna mange år etter skylddelinga og den som har teikna kartet har nok ikkje vore på staden før kartet vart teikna. Mykje av grensesettinga på kartet er derfor unøyaktig. Ein grunn er at retningsspesifikasjonane i skylddelingsdokumentet er feil. Hovedsakeleg er det som er oppgjeve som nordleg lei klart nordvestleg, og det som er oppgjeve som austleg lei er nordaustleg og det som er kalla vestleg lei er sørvestleg. Likevel vil ikkje dette ha noko å seia for denne saka.

Grenselinja gjennom garasjen

Om ein ved brytningspunkt e (sør for garasjen) går i austleg lei som det står i Skylddelingsdokumentet, vil grenselinja IKKJE gå gjennom garasjen til br. 50, men utafor. M.a.o. her treng ein berre følgja Skylddelingsdokumentet og rettinga vert kurant.

Der garasjen til br. 50 no står, stod det før ei løe. Ho vart riven i 1950. Løa var vesentleg større enn garasjen er no. Sør for løa, og dermed garasjen, var der ei ope møtting. (Eg hugsar henne godt for eg datt ut i henne som 3-4 åring.) Attmed og aust for møttinga sto der ein dobbel utedo. Den var i bruk ei god stund etter løa var riven. Eg ser ikkje for meg at grensa faktisk vart lagt gjennom den.

Grenselinja gjennom tunet


Grenselina frå B til A er teikna gjennom eit hus (Dordistova) som stod i hjørnet på tunet til br. 50. Denne stova vart riven i slutten på 50-talet. Det gamle fotografiet er av eigar av br. 3 og søster og mor hans teken i 1940. Bak oss ser ein Dordistova. Gardsvegen er til venstre for stova på biletet. Vår meining er at det er heilt usannsynleg at skylddelinga sette opp grensa gjennom dette huset. (Eg må få leggja til at eg (Einar Lygre) var 11 år då skylddelinga vart gjort og at eg var ein aktiv brukar av stova i mange år etter det.) Huset var ikkje høgt, men høgt nok til at eit måleband frå A til B ville måtta liggja oppa taket til stova. Ein tvilsam måte å strekkja grensa på. Grensa mellom eigedomane mellom vår hus har ein knekk der det tilsyneslatane skal vera ein kross i berget. Dersom ein rettar grenselinja i retning frå sjøen heilt til andre sida (austsida) av gardsvegen vil grenselinja IKKJE gå gjennom tunet til br. 50. Det er truleg også slik grensa er tenkt. Vi har derfor teikna grensa rundt hjørnet på huset.

Trekanten over gardsvegen

Skal ein laga ein kross i fast fjell er det ingen annan stad å gjera det enn på haugen aust for gardsvegen, alt anna er lause murar. Det har nok ikkje vore meininga at bestemor skulle ha ein bit av vegen som ho dermed vart ansvarleg for å vedlikehalda.

Vedlegg:

- Kopi av matrikkelkart med innteikna nye grenser.
- Annan kopi av matrikkelkart med tydleg avmerking av areala som blir bytt.
- Foto av tunet til br. 50 som får nye grenseliner
- Foto av dei gamle murane i tunet til br. 50
- Foto av vegmuren til vegen mot vestsida av løa til br. 50. Denne vegen er ikkje teikna inn på matrikkelkartet.
- Foto med Dordistova 1940
- Skylddelingsdokument.


Einar Lygre


Inger-Johanne Øvstegård


Jørgen Øvstegård